



**BLI MED I KAMPEN FOR
MILJØ OG RETTFERD
BLI MED I SV!**

Foto: Stig Westrom/SV



Ulike menneske
like sjansar



Vil du bli med?

Valet 14. september avgjer kva politisk kurs Noreg skal ha dei neste fire åra. Meld deg som frivillig til valkampkorpset til SV og bli med i kampen for eit miljøvenleg og rettferdig samfunn!

SV gjer ein skilnad

SV har gjennomført tidenes barnehageløft i regjering. Vi har stansa veksten i private skular og innført gratis læremiddel på vidaregåande. Det er slutt på gasskraftverk utan CO₂-reinsing. Bistanden er auka til ein prosent av statsbudsjettet. Homofile og lesbiske får endeleg gifte seg med kven dei vil.

Vil du vere med SV i kampen for eit rettferdig og miljøvenleg samfunn? Dette kjempar vi for:

Miljø

Noreg må gjennomføre tøffe klimatiltak. SV vil la naturen gå framfor olja i dei mest sårbare områda som Lofoten og Vesterålen og vi satsar på jernbane og kollektivtransport framfor nye, dyre motorvegar.

Kunnskap

SV vil satse på ein god, offentleg skule for alle, ikkje private skular for dei få. Vi vil tilsetje fleire gode lærarar og innføre gratis leksehjelp for alle elevar.

Rettferd

SV vil fjerne fattigdomen og fordele goda i samfunnet meir rettferdig. Vi vil innføre ein likeløns-

pott for å utjamne dei store lønnskilnadene mellom menn og kvinner.

Bli med på laget i valkampen?

SV skal vinne valet av di Noreg treng meir raudgrøn politikk. Vi skal stå på stand, gå frå dør til dør og vere aktive og synlege på internett for å overtyde flest mogleg om å røyste SV.

Vi treng fleire frivillige som vil
kjempe for miljø og rettferd.
Vil du vere med oss?

- Ta direkte kontakt med lokallaget der du bur. **Oversynet over lokallaga våre finn du under «SV der du bor» på nettsidene våre: www.sv.no**
- Ta kontakt med oss på partikontoret; post@sv.no, 21 93 33 00
- Finn ein valkampaktivitet som passar for deg under «Delta» på våre nettsider

Bli medlem i SV?

- Send medlem [namn og adresse] til 1938
- Internett: gå inn på www.sv.no og klikk på «Bli-medlem»-ikonet.
- Klypp ut og send inn kortet under.



INNMELDING

Ja, eg ynskjer

- medlemskap i SV informasjon om SV
 informasjon om Sosialistisk Ungdom

Namn:

Adresse:

Postnr/Stad:

E-post:



ADRESSATEN
BETALER
FOR SENDING
I NORGE

DISTRIBUERES AV
POSTEN NORGE

Sosialistisk Venstreparti

Svarsending 1024

0090 Oslo

Trykt på 100%
resirkulert papir

